

### **SAK 3. Kvoteavtalar før og no**

Styret inviterer årsmøtet til å fatte slikt vedtak:

Årsmøtet i Pelagisk Forening tek presentasjonane til Roy Angelvik, Kyrre Dale og Dag Lindebjerg til orientering.

Årsmøtet er opptatt av at Noreg ikkje skal få mindre fisk som følge av brexit. Fiskeri er viktig for heile norskekysten, og norske politikarar må difor ikkje gje bort noko fisk i tingingar med andre land. Årsmøtet meiner òg at det er viktig at Noreg framforhandlar gode fiskeriavtalar med våre naboland, og andre som vi delar ressursane med. Det er viktig at felles bestandar blir forvalta godt. Det er mest miljøvennleg, og gjev best økonomi, å fiska fisken der fisken er størst, og best tilgjengeleg. Difor er det viktig med gode kvoteavtalar, og gode soneåtgangsaftalar. Når Noreg inngår bytteavtalar med andre land, er det viktig at styresmaktene syt for at Noreg ikkje bytter bort større verdiar enn Noreg får att. Utanlandske båtar som får fiska i Noreg, får fiska til same tid, og i same farvatn som norske fiskarar. Årsmøtet meiner at ved inngåing av kvotebytteavtalar, og soneåtgangsaftalar, må styresmaktene syta for at norske fiskarar får fiska på like vilkår som dei lokale fiskarane i landa vi delar ressursane med.

Årsmøtet er nøgde med at myndighetene har stort fokus på brexit, og fiskeritinger med våre naboland og andre fiskerinasjonar. Dette er kontinuerleg arbeid, og årsmøtet meiner at Noreg må tote å avbryta tingingar dersom dette tener Noreg på lang sikt.

Årsmøtet meiner at fiskeria har ført til stor aktivitet, og store positive ringverknadar langs heile norskekysten i mange hundre år. Årsmøtet meiner at aktivitet, og ringverknadar, langs kysten er viktig òg i framtida. Dette for å sikra ein levande kyst, og busetnad langs kysten. Grunnlaget er at næringa er lønsam i alle ledd. For å overleva i konkurransen med utlandet er det viktig med god kvalitet, og innovasjon i alle ledd. Det er difor viktig med like konkurransevilkår om råstoffet.

Det er difor viktig at myndighetene unngår for stor sentralisering på kjøparsida, slik som på fiskarsida. Like eins er det viktig å ikkje tillata vertikal integrasjon.

Norsk fisk er etterspurt, og det er som oftast kamp om fisken. Fri konkurranse, og like rammevilkår, syt for stor innovasjon, og høg kvalitet. Årsmøtet meiner difor at det er viktig å bevare fiskesaltslagslova, slik at alle har like høve til å kjøpa fisk, og slik at det blir størst mogeleg verdiskaping av norske fiskeressursar.

Historisk har norske styresmakter vore flinke til å sikra norsk råderett over store havområde. Noko som har vore avgjerande for at Noreg har fått råderett over store olje- og gassressursar, og såleis avgjerande for velferdssamfunnet vårt. Dette hadde ikkje vore mogeleg utan at norske fiskarar hadde fiska i farvatna i generasjonar.

Årsmøtet konstaterer at norsk pelagisk fiskeri ikkje berre har gjeve Noreg verdien av den islandførte fisken, men òg vore eit viktig bidrag til at Noreg har den store velferda Noreg har i dag. Årsmøtet meiner at det er viktig at òg denne delen av kystkulturen blir kjent.

Pelagisk Forening vil forsøka å få ei meir aktiv rolla i framtidige kvoteforhandlingar med andre land.